



Arkoconsult AS
Pb 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2619 - 16/12518

Saksbehandlar:
Marianne Aadland Sandvik
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.
no

Dato:
20.06.2016

Godkjenning for deler av tiltaket - GBNR 51/57 - igangsetting for opparbeiding av avkjørsel - Skjellangervegen

Administrativt vedtak. Saknr: 209/2016

Tiltakshavar: Kaj Alexander Johnsen
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Arkoconsult AS har på vegne av tiltakshavar, Kaj Alexander Johnsen, søkt om igangsettingsløyve for oppføring av bustad på gbnr. 51/57, Skjellangervegen 408.

Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 64/2016, datert 11.3.2016.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

I rammeløyve vart det gjeve dispensasjon frå arealformålet landbruks-, natur og friluftsmål (LNF) i kommuneplanens arealdel for oppføring av bustad. Vidare vart det stilt vilkår om dokumentasjon av godkjent løyve til avkjørsel frå Statens vegvesen for igangsettingsløyve. På bakgrunn av dette vert det i denne omgang vurdert igangsetting for delar av tiltaket, slik at ein kan opparbeide avkjørsel for godkjenning av vegvesenet. Igangsetting for resten av tiltaket vert vurdert når Statens vegvesen har godkjent avkjørsla. Det vert elles vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Plassering av tiltaket:

Avkjørsla skal plasserast som vist på godkjent situasjonsplan, journalført motteke 12.1.2016.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan journalført 15.6.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf. pbl kapittel 23.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for delar av tiltaket for opparbeiding av avkjørsle i samsvar med søknad med vedlegg motteke 15.6.2016.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan motteke 15.6.2016, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arkoconsult AS
Kaj Alexander Johnsen

Pb 103 5291
Skjelangervegen 5917
408

VALESTRANDSFOSSEN
ROSSLAND